



# Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Bø, 15.12.2021

## Kommentar til verneforslag for lokalitetane Svarteputt og Sauås-Suggeås

### Generell kommentar til verneplanarbeidet

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforslaga som nå ligg ute, viker i påfallande grad frå fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderingar er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle *betydeleg* meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må leggje vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndigheitenes vernearbeid fagleg sett er forsvarleg. Under vil me kommentere to av dei føreslåtte verneforslaga spesielt, begge lokalisert i Nome kommune.

### Svarteputt

Fagbiologs (John Gunnar Brynjulvsrud, BioFokus) verneforslag for Svarteputt er nokså restriktivt. Dette grunngjev han med at betydelege delar av tilbydars forslag består av ungskog og hogstflater. Flyfoto frå området tilbake til 1969 og fram til 2015, viser klart at fagbiologs verneforslag omfattar mesteparten av dei resterande partia med eldre skog i området. Fagbiolog har også utelate området i vest mot Veungsfjell, der det berre er dokumentert to små naturtypar (naturtype 5 og 6). Ut ifrå omsyn til landskapsintegritet kan NVMT forstå at også dei vestliggjande områda takast med innanfor ei vernesone, men det er vanskelegare å forsvare at partia med ungskog og hogstflater i nordaust skal takast med. Arronderinga i nordaust bør i det minste avgrensast til lisidene, medan partia på toppen bør utelatast, da dei så å seie i sin heilskap er flatehogde areal.

### Sauås-Suggeås

Dette er nok eit eksempel på store avvik mellom fagbiologs (Maria Hertzberg, BioFokus) og tilbydars verneforslag. Av flyfoto kan ein sjå at store delar av åsane har blitt hogd ut i løpet av dei siste femti åra, med unntak av i hovudsak dei sørvestre partia, som er innanfor fagbiologs verneforslag. Dersom det berre hadde gått føre seg meir beskjedne hogstar på Sauås og Suggeås i nyare tid, kunne det av omsyn til landskapsintegritet vore naturleg å inkludere

begge åsane i sin heilskap innanfor eit verneforslag. Dette er derimot ikkje tilfelle, og da verkar det fagleg sett lite forsvarleg å gå utover fagbiologs føreslåtte vernesone.

### **Avsluttande merknader**

Naturvernforbundet i Midt-Telemark meiner at fleire interessante og viktige område i denne prosessen er blitt føreslåtte for vern, men me ser også med ei viss bekymring på tendensen til å inkludere større areal med liten eller ingen verneverdi i dei ulike forslaga. Tilfella me har valt å kommentere ovanfor skil seg spesielt ut, og da i ein slik grad at Statsforvaltaren etter vår meining bør gjera vernesonene for desse to lokalitetane meir restriktive og meir i samsvar med fagbiologanes vurderingar.

Med helsing

Hans Christian Deilhaug

Naturvernforbundet i Midt-Telemark – leiar